




TUR NUMMER **6**

Grasdalen

Turen startar ved parkeringsplassen ved Lye idrettshall og går derifrå til Fugleparken, gjennom skogen opp til gangstien ved Kvernfallvegen og vidare på bru over Harevegen. Over Harevegen kan ein nyta utsikta mot vest på veg til Mårvegen og Elgvegen.

På Tjoatjørn kan ein bada om sommaren og stå på skøyter på kalde vinterdagar. Turen er merka forbi Tjoatjørn og nordover mot ein gjerdeklyvar. Turen dreiar mot høgde etter gjerdeklyvaren og stien er merka heilt ned til traktorvegen som går mot Ulvatjørn. Her tek ein mot høgde, passerer ei grind og følgjer traktorvegen mot Lyevegen og byggjefeltet som har gitt turen namnet Grasdalen.

På veg til Monsanut barnehage ser du siste utbyggingsområde, Lyetoppen, som har ein flott opparbeida leikeplass. Herifrå er det gangsti heile vegen tilbake til Fugleparken. I Fugleparken kan du ta ein pause, nyta nistepakka eller mata fuglane.

Fakta om turen

Lengde: 4,2 km

Belysning i byggjefeltet

Teiknforklaring

-  Parkeringsplass
-  Utsiktspunkt
-  Badeplass
-  Barnehage

